



NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT (NVE)

Postboks 5091 Majorstua

0301 OSLO

Dykkar	Dykkar	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Dato:
ref:	dato:	26/5435 - 26/18587	Idunn Eide Sanden -	06.03.2026
20260143	26.01.2026			
8				

Høyringsvar - Stranda kommune - detaljplan - ny vassveg Fausa kraftverk

Fylkeskommunen utgjer det regionalpolitiske nivået i det norske styringssystemet. Fylkestinget er øvste mynde.

Fylkeskommunen er på vegner av staten delegert forvaltingsmynde mellom anna innan samferdsel, kulturminnevern, vassressursforvalting, naturressursforvalting og friluftsliv, men har også viktige roller som pådrivar for regional utvikling og som tenesteleverandør innan kultur, utdanning, tannhelse og samferdsel.

Fylkeskommunens planverk er, saman med lover, forskrifter og retningslinjer styrande for korleis dei ulike rollene og oppgåvene blir samordna og løyste, også når vi er høyringspart i ulike saker.

Fylkeskommunen har ansvar for drift og gjennomføring av regionalt planforum. Vi rår til at alle kommuneplanar blir lagt fram og drøfta der, før vedtak om offentleg ettersyn.

INNLEIING

Møre og Romsdal fylkeskommune viser til høyringa av *Detaljplan for miljø og landskap – Ny vassveg Fausa kraftverk* i Stranda kommune. Saka er sendt på høyring av NVE, og Tussa Energi AS søker om godkjenning av detaljplan. Tiltaket omfattar mellom anna utskifting av eksisterande tre- og stålrør og etablering av nye lukehus. Detaljplanen gjer greie for anleggsområda og kva for permanente og mellombelse inngrep prosjektet vil medføre. Anleggsstart er planlagt våren 2026, med tentativ avslutning i oktober same år.

MERKNADER TIL DETALJPLAN

Myr og jordvern

Tiltaket medfører både mellombelse og varige inngrep i matjord og myr. Det er sentralt å sikre god forvaltning av jordressursane og redusere inngrep i myr til eit minimum. Detaljplanen viser at tiltaket kan føre til drenering av delar av myr. Vi tilrår at både mellombelse anleggsareal og den ferdig etablerte rørgata blir utforma slik at påverknaden på myr og jordbruksverdiar blir minimal, og at areala blir tilbakeførte etter avslutta anleggsarbeid.

Vassforvaltning

Regional vassforvaltningsplan set miljømål i vassførekomstar i kyst, vatn og vassdrag, der hovudmålet er god økologisk og kjemisk tilstand i løpet av planperioden. Miljømåla dannar grunnlaget for korleis ein skal sikre vassressursane våre mot øydelegging.

Vassforvaltningsplanen skal leggjast til grunn for verksemda til regionale organ og for kommunal og statleg planlegging og verksemd i samsvar med pbl. § 8-2 og vassforskrifta § 29. Ein skal som hovudregel ikkje gi løyve til nye inngrep eller ny aktivitet som medfører at miljømål ikkje blir nådd, eller at tilstanden blir dårlegare. Tiltak som kjem i konflikt med miljømål, må behandlast etter vassforskrifta § 12.

Det er ikkje vurdert korleis tiltaket vil påverke vassførekomstane og miljømål som er satt i vassforvaltningsplan. I detaljplan står det at det vil kryssas bekkar som ikkje har årsikker vassføring og går tørr. Ut i frå kart over ny røyrtrase vurderer vi vassdrag som blir kryssa som store nok til å ha årsikker vassføring. Ny trase vil krysse vassførekomstane Fausaelva inntak Fausa II - inntak Fausa I, 098-76-R *Bekk fra Furnakken nedstrøms inntak Fausa II*, 098-77-R, og *Fausaelva bekkefelt*, 098-80-R. Detaljplanen må omhandle vassmiljø og beskrive tiltakets påverknad og eventuelt avbøtande tiltak. Det er viktig å unngå unødvendige og uheldige inngrep. Erosjonssikring bør gjerast så miljøvennleg som mogleg., sjå døme frå [Tiltakshåndbok for bedre fysisk vannmiljø](#). Det er ikkje anadrom fisk i Fausaelva, men truleg innlandsfisk. Området rundt er nytta til friluftsliv. Det manglar også ei vurdering av risiko for sedimenttilsig som følgje av anleggsarbeid i og nær elva. Det manglar også ei vurdering av om myrdrerering langs røyrtraseen kan påverke vassførekomstar. Omtalte bekkkryssingar må anleggast slik at eventuell fiskevandring blir ivareteke.

Automatisk freda kulturminne

Vi vurderer området for ny vassveg til Fausa kraftverk til å ha potensial for funn av automatisk freda kulturminne frå bronsealder-jernalder og utmarkskulturminne knytt til produksjon av kol, tjære og jarn, som ligg skjult under markoverflata. Områda rundt Nysætervatnet er kjent område for jarnframstilling i Møre og Romsdal med mange jente lokalitetar knytt til jarn- og kolproduksjon. Vi vil på grunnlag av dette stille krav om arkeologisk registrering, jamfør § 9 i

kulturminnelova (KML). Den arkeologiske registreringa må gjennomførast før den endelege detaljplanen eventuelt kan godkjennast.

Vi gjer merksam på at tiltakshavar må dekkje utgiftene ved ei slik undersøking, jamfør KML §§ 9 og 10. Kulturavdelinga ber om skriftleg aksept på vedlagte budsjett (sjå vedlegg), i tråd med nye nasjonale retningslinjer for budsjettering av slike arkeologiske registreringar. Dette er eit maksimumsbudsjett, men vi tek atterhald om at vesentlege utførutsette forhold kan gje grunnlag for utarbeiding av nytt budsjett.

Det vil i delar av områda knytt til mellombelse tiltak og område for nytt ventilhus på dyrkamark vere aktuelt å sjakte med maskin etter buplassar, graver og andre automatisk freda kulturminne under markoverflata. Vårt budsjett omfattar ikkje kostnadar til gravemaskin og førar. Ved ønske kan vi hjelpe til med å skaffe dette til veie, men rår elles til at tiltakshavar sjølv ordnar dette, då det vil bli rimelegare for tiltakshavar. Gravemaskina bør helst vere 10-12 tonn og ha vribar skuff med flat skjær på minst 1,0 meter breidde. Vi gjer merksam på at eventuell tilsåing og reparasjon av gjerder, vegar og dreneringsgrøfter er tiltakshavar sitt ansvar dersom ikkje anna er avtalt.

Ved arbeid på og langs veg viser vi til Handbok N301, og føringane kring varsling og sikring. Det må på førehand vere avklart i samband med rutineane kring arbeidsvarsling og risikovurdering. Vi gjer merksam på at maskinførar må ha bevis for gjennomført Arbeidsvarslingskurs 1 for arbeid på og ved veg.

Vi rår til at registrering vert gjennomført så tidleg som mogleg.

Ved tinging og aksept av budsjett vert det føresett at tiltakshavar klarerer forholdet til grunneigarar, brukarar og eventuelt andre omsyn. Vi gjer merksam på at dersom grunneigar(ar) nektar fylkeskommunen tilgjenge til sin eigedom, kan ikkje registreringa gjennomførast der før tiltakshavar har skaffe nødvendig tilgjenge til dei områdene det gjeld. Ved bruk av gravemaskin føreset vi også at tiltakshavar klarerer forholdet til eventuelle kablar, vassleidningar m.m. Sjå vedlagte akseptskjema, vi ber om at dette blir utfylt, signert og sendt tilbake til oss ved bestilling av arkeologisk registrering. Vi ber også om namn og adresse på mottakar av faktura.

Alle korrespondanse skjer elektronisk, også utsending av arkeologisk fagrapport. Skulle det være ønske om å få tilsendt den arkeologiske fagrapporten i papirutgåve, må dette etterspørjast.

Det vert fakturert med timepris for det året registreringa er gjennomført, sjølv om budsjett er satt opp med timepris for eit tidlegare år

KONKLUSJON

Vi viser til merknadene våre ovanfor. Sjå vedlagt dokument om krav til arkeologisk registrering.

Med helsing

Björn Gregull
fagleiar kommunal planlegging

Idunn Eide Sanden
rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur

Kopi til:
Statens vegvesen
Statsforvaltaren i Møre og
Romsdal

Vedlegg:
AKSEPTSKJEMA MRFYLKE ARKEOLOGI - Ny vassveg Fausa kraftverk
§ 9 budsjett-Ny vassveg Fausa kraftverk

Mottakere:
Stranda kommune

[Saksbehandlarane våre - Møre og Romsdal fylkeskommune](#)

Automatisk freda kulturminne: arkeolog Guro Dehli Sanden
Vassforvaltning: rådgjevar Håkon Slutaas